



Fortunen AS
Torgallmenningen 7
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/85 - 16/11566

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
08.06.2016

Godkjenning - igangsetting delar av tiltaket for tilbygg Grasdal skule, GBNR 27/129, - grunnarbeid og utvendig VA.

Administrativt vedtak. Saknr: 185/2016

Tiltakshavar: Meland kommune v/ordføraren
Ansvarleg søkjar: Fortunen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 – 1

Saksutgreiing:

Fortunen AS har på vegne av Meland kommune søkt om igangsettingsløyve for deler av tiltaket – grunnarbeid og utvendig VA – for tilbygg til Grasdal skule, gbnr 27/129.

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 49/2016 - dagsett 26.02.2016.

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for Moldekleiv – planid 125619780001 - avsett til offentlig føremål. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling .

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 01.06.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for deler av tiltaket, grunnarbeid og utvendig VA – tilbygg til Grasdal skule, gbnr 27/129, jf søknad med vedlegg motteke 01.06.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 01.06.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

27-129

Kopi til:

Meland kommune v/Ronny Landaas
Ordførar Øyvind Oddekalv

Mottakere:

Fortunen AS

Torgallmenningen 5014

BERGEN

Kopi til:

7